

# Telemarkfestivalen

PROGRAM 7.-10. AUGUST 2025

FY  
FELA  
SOM ME  
GLEDAR  
KÅNN!

**Stein Torleif Bjella  
Byting ULD Pumpegris  
EMBLA & THE KARIDOTTERS**

**ÆVESTADEN & KANAAN Dylan LeBlanc & Freddy Holm  
Jon Solberg, Anne Gravir Klykken & Anders Røine  
Mattis Kleppen Knut Reiersrud  
Andrea Søgnen SUIGARD + mykje meir**

BILLETTAR OG MEIR INFO

Gullbring Kulturfus [www.gullbring.no](http://www.gullbring.no) | Tlf 35 06 03 90 | [www.telemarkfestivalen.no](http://www.telemarkfestivalen.no)

# FY FELA FOR EIN FESTIVAL

Billettar

[www.gullbring.no](http://www.gullbring.no)  
tlf 35 06 03 90

Få med deg alt?  
Festivalpass: 2035,-

# Velkommen til Telemarkfestivalen 2025!

Fy fela som me gleder kånn til Telemarkfestivalen 2025! Me gleder kånn til eit mangfaldig og godt program med mykje flott folkemusikk! Me gleder kånn til eit spennande tingingsverk og temakonsert i nytt stasbygg på Bø hotell, me gleder kånn til ein råtöff fredagskveld på Kroa i Bø, me gleder kånn til yrande folkeliv på Torgfestivalen, me gleder kånn til laurdagsmoro i Sandvinparken, me gleder kånn til Borgjakonserten på Evju bygdetun - og me gleder kånn rett og slett til å skipe til ein fantastisk festival med mange unike og magiske augneblinkar! Og me gleder kånn til å sjå DEG!

Fy fela så velkommen du er!

Med beste helsing,

Evy Beate Stykket, Hadle Reisæter, Anders Hefre, Torgeir Gullbekk Hansen, Evelyn Utigard, Idrak Abbasov, Thea Myrjord Norheim og Kristoffer Mosjeld  
Styret og administrasjon

[Meir info](#)

Eventuelle endringar og meir detaljert informasjon om  
programmet for årets festival finn du på festivalen sin nettstad  
[www.telemarkfestivalen.no](http://www.telemarkfestivalen.no) og på festivalen si Facebook-side.

[Spørsmål?](#)

[post@telemarkfestivalen.no](mailto:post@telemarkfestivalen.no)  
Tlf 48 20 50 66

Foto: Knut Utter



## Tingingsverk: «ISTEM»

TORSDAG 7. AUGUST :: BØ HOTELL :: KL 19.00 :: 365,- / 535,-\* / 795,-\*\*

## Musikalsk verdspremiere!

Ikkje berre er det premiere på eit flukkande nytt tingingsverk - verda har heller aldri sett eller høyrd ein strykekvintett der alle instrumenta har understrengar. Før no! Tingingsverket «Istem» vert framført av ein flott bukett utøvarar frå skjeringspunktet mellom kammermusikken og folkemusikken.

Hovudkomponist er Vegar Vårdal, medan Ottar Kåsa er solist. I tingingsverket ønskjer me både å vise likskap og kontrastar i desse to sjangrane ved å skape eit breitt uttrykk som kan opplevast som heimehøyrande i både det klassiske og det folkemusikalske uttrykket. Urframsyninga av tingingsverket på Telemarkfestivalen er ei storhending i seg sjølv, men det er òg ei verdspremiere for ein stryke kvintett der samleie instrument har understrengar som syng i lag - noko som gir ein heilt ny klangbotn og rom for eksperimentering. I tingingsverket vil det vere nykomponert og nyarrangert musikk med hovudvekt på slåttemusikk og i særleg grad lydarslåttane frå Telemark.

I tillegg til å vere solist er Ottar Kåsa sterkt involvert i tingingsverket. Han har nemleg laga hardingfelene, hardingbratsjen og hardingcelloen som vert nytta i framføringa.

### Medverkande

Ottar Kåsa - hardingfele

Vegar Vårdal - hardingfele

Nora Taksdal - hardingbratsj

Sivert Holmen - hardingfele, hardanger d'amore

Johannes Martens - hardingcello

### Meir info

\*Gir innangang til både konsertar på Bø hotell denne kvelden.

\*\***Middag og konsert?** Det vil ligge godt til rette for store musikkopplevingar på hotellet denne kvelden som lett kan kombinerast med store matopplevingar. Konsert og middag får du for 795,-.

Tingingsverket er særskild støtta av Musikkfondene og Kulturdirektoratet. Me takkar!



Foto: Christine Dokken

## RAGNHILD HEMSING TRIO: «VETRA»

TORSDAG 7. AUGUST :: BØ HOTELL :: KL 21.00 :: 335,-

### Vinterlege tonar i august!


Ragnhild Hemsing er kjend som ein allsidig og leiken artist med stor formidlingskraft. Ho er ein meister på både fiolin og hardingfele, og smelter saumlaust saman folkemusikktradisjonen og den klassiske musikken. Då ho spelte Edvard Grieg på albumet Peer Gynt saman med Trondheimsolistene i 2022, trilla Aftenpostens kulturanmelder Maren Ørstavik ein seksar på ternen. Ørstavik meinte at verka blei «spelte med så mykje kreativt overskot og kjærleik til musikken at det er umogleg å ikkje la seg rive med.». I 2024 var ho festspelmusikar under Festspillene i Bergen. «Sjeldan dedikasjon og høgt kunstnarisk nivå», skreiv NRKs Eystein Sandvik.

På Hemsings nyaste album Vetra kombinerer ho igjen ulike musikalske uttrykk, der tradisjonelle slåttar står side om side med nykomponerte verk. I januar framførte ho musikken frå plata i sjølvaste Operaen med fullsett sal. Vetra tyder vinter på valdresmål. Her er det nettopp den norske vinteren som får skine, og fleire av verka tek oss med inn i norsk mytologi og

trolske historier om naturens skapningar. Hemsing sjølv har røter i Valdres - eit kjerneområde for norsk folkemusikk. På 1800-talet reiste komponisten Ludvig Mathias Lindeman til Valdres for å teikne ned lokale slåttar og melodiar - som ein av dei første i Noreg som samla inn folkemusikk systematisk. På Vetra er eit utval av desse sette saman med to eigenkomponerte verk: Vetralling og «Vinterstemning».

#### Medverkande

**Ragnhild Hemsing** - hardingfele, fiolin  
**Steinar Raknes** - kontrabass  
**Terje Isungset** - perkusjon, div instrument



## FESTIVALVISS + SUIGARD + GILL LANDRY

TORSDAG 7. AUGUST :: THE BULL INN :: KL 19.00-00.00 :: GRATIS!

### 19.00 FESTIVALVISS

I samarbeid med Bull Inn er me glade for å kunne invitere til ein akkurat passe vanskeleg festivalviss. Kvissmester vil vere Torgeir Gullbekk Hansen, og spørsmåla vil som vanleg vere ei fin blanding av

musikkrelaterte spørsmål - og heilt andre tema! Det blir ein fin premie til vinnarlaget!

**Kvissen startar kl. 19:00 og vil vare i om lag to timer!**


### 21.30 SUIGARD

Suigard er ein ny duo i spagat mellom tradisjon og nyskaping. Duoen består av Vegard Hosarøygard frå Lom på gitar, og Sunniva Langås-Røiland frå Bø på hardingfele. Båe er studentar ved Noregs musikkhøgskule, der dei møttest hausten 2024 og raskt byrja samspelet. Suigard komponerer musikken sjølv, med eit særskild fokus på dansetakt. Repertoaret leiker med kontrastane mellom nytt og gammalt - noko som kjem til uttrykk i ei litt uvanleg besetning. Med Suigard får du ei musikalsk oppleveling i ny tradisjon som får det til å rykkje i dansfoten.



### 22.30 GILL LANDRY

Ein flott torsdagkveld på The Bull Inn vert avslutta med vaskeekte americana. Den Grammy-vinnande artisten Gill Landry er opphavleg frå Louisiana og starta karrieren sin som gatemusikant. Frå 2004 til 2015 gjorde han suksess med det velkjende Nashville-bandet Old Crow Medicine Show. Sidan har han millionar av tilbakelagde turnémil som har gjeve Landry ei erfaring få kan måle seg med. På den musikalske reisa si har han slått seg saman med musikalske vener som Laura Marling, Justin Townes Earle, Brandi Carlile, The Felice Brothers, Mumford & Sons, Ben Harper, Michael Hurley, Bruce Hornsby, Warren Haynes og Nathaniel Rateliff - for å nemne nokre.





## ANNE GRAVIR KLYKKEN, JON SOLBERG & ANDERS RØINE

FREDAG 8. AUGUST :: KONSERTLÅVEN I NORDBØVEGEN 10 :: KL 17.00 :: 285,-

### To konsertar i ein!

#### Jon og Anne er klare med ny musikk!

Jon Solberg og Anne Gravir Klykken er glade i dialektar, språk, lokalhistorie og det nære knytt til bygdeliv og natur. Duoen tek utgangspunkt i eldre optak med ulike folkemusikkutvitarar frå Telemark, som igjen vert lagt til grunn for nyskrive tekstar og melodiar. I 2022 gav dei ut plata «Et ønske» til strålende mottaking. I år ryktast det om ny musikk frå den flotte duoen.

#### Norsk folkemusikk møter amerikansk folkemusikk med Jon og Anders!

Jon blir verande og Anders Røine kjem til. Dei er gode spelkameratar som har følgd kvarandre med spennande musikalske prosjekt i mange år. I år er

dei aktuelle med ein heilt ny konsert som trekkjer liner mellom norsk og amerikansk folkemusikk. Jon sine sjølvskrivne tekster og melodiar er drivkrafta i konserten, der norsk og amerikansk folkemusikk smeltar saumlaust saman. Både Jon og Anders har ein felles fascinasjon for Hank Williams, og Anders har omsett eit utval Hank Williams-låtar som vert framført med langeleik og Anders sin distinkte vokal slik berre Anders kan i heile verda.

#### Medverkande

Anne Gravir Klykken - vokal

Jon Solberg - vokal og div instrument

Anders Erik Røine - vokal og div instrument



## OPNINGSKONSERTEN

FREDAG 8. AUGUST :: STORSALEN, GULLBRING :: KL 19.00 :: 365,-


### Konfekteska med dei mange gode bitane

I årets opningskonsert vil me møte gitarnestor

**Knut Reiersrud**, me vil møte dei unge damene i **ULD**, me vil møte den nye duoen **Suigard** med Sunniva Langås-Røiland og Vegar Hosarøygard, me vil møte **Andrea Søgnen** og langeleiken hennar, me vil møte gjengen i **Folkemusikk fordjuping** som viser seg fram med song, dans og spel, me vil møte **Byting** i eit akustisk trio-format med **Per Anders Buen Garnås** som gjest, me vil møte **Gill Landry** som kjem heilt frå Amerika, me vil møte **Tone Steinstad** som vil framføre eit knippe utvalde folkeviser med familiekomp i ryggen - og sist men absolutt ikkje minst: me vil møte **Spelemannslaget Böhingen** og **Bø dansarring** som avsluttar kalaset.

**Knut Reiersrud** vil formelt opne årets festival, medan skodespelar **Hadle Reisæter** vil leie oss gjennom konserten med stødig hand!

**Velkomen til ei nydeleg konfekteske av ein konsert!**





 **Telefrukt**

Stolt sponsor av Telemarkfestivalen

**VI ER STOLT SPONSOR AV  
TELEMARKFESTIVALEN**  
**SPIS MIDDAG FØR KONSERT  
I VÅR RESTAURANT**



**BØ HOTELL**

Restaurant - Selskap - Overnatting



Foto: Ole Ørskog

**ULD**

FREDAG 8. AUGUST :: KROA I BØ :: KL 21.00 :: 395,- (Ein billett for heile kvelden på Kroa i Bø)

### Gruppa alle snakkar om!

ULD startar det som garantert vert ein festkveld av rang på Kroa i Bø. ULD er ein fersk trio som består av Une på vokal, Lucia på piano og Dagny på trekkspel som på kort tid har blitt ein av dei store snakkisane i musikk-Noreg. Dei vart nominert i tre kategoriar i årets Spellemann-utdeling, og skal spele på fleire store festivalar i sommar. Me er glade for at Telemarkfestivalen er ein av dei. Etter å ha gått tre år på vidaregåande i lag byrja dei først å jamme saman på Toneheim folkehøgskule. Sidan har dei hygga seg med å lage og spele musikk. Dei skriv nære og ærlege tekstar som vert tonesett med nydelege harmoniar og melodiar frå hjarterota. Besetninga gir musikken eit heilt eige uttrykk, som ikkje lett lar seg plassere i sjanger, men sjølv seier dei at dei ofte blir dregne mot eit slags indie-visepop-folkemusikkformat. Det er knytt store forventningar til debutplata som er venta å kome hausten 2025.

#### Medverkande

**Une Lorentze Onarheim** - vokal  
**Lucia Andreadatter Utten** - piano  
**Dagny Braanen Lindgren** - trekkspel  
**Uma Morelia Reksten** - bass  
**Petter Blom** - trommer

**DJ Daeva snurrar plater i Intimen gjennom kvelden!**  
DJ Daeva kjem attende til Telemarkfestivalen 2025. Ho er ein anerkjend DJ, kunstnar og aktivist fødd og oppvaksen i Teheran. Med ein lidenskap for musikk og djup forståing for korleis musikken samlar menneske, inviterer ho til eit danse-eventyr på tvers av alle sju kontinent. Ho har vore DJ i 20 år og har spelt på Cosmopolite, Blå, Nasjonalmuseet, Riksscenen, Munchmuseet, Oslo Pride og mange fleire. I 2024 fekk ho dansegolvet på Kroa i Bø til å koke!





Foto: Schwarz

## PUMPEGRIS

FREDAG 8. AUGUST :: KROA I BØ :: ca KL 22.15 :: 395,- [Ein billett for heile kvelden på Kroa i Bø]

## Steinharde slåttar og gode vibbar

Folkemusikkfenomenet Pumpegris tek med seg ei strålende debutplate til Kroa i Bø med dansbare og fengjande låtar baserte på norsk folkemusikk, pop, punk og vestafrikansk musikk. Tekstane er brutale, såre og humoristiske, og skildrar skeiv kjærleik, korleis det er å vere ung kvinne og oppvekstens mange veksesmerter. I ein konsert med Pumpegris vert alt lagt rette for spinnvill dans med feite låtar, steinharde slåttar og grove tekstar, der vokalist Vera Sonne lene seg mot alt frå kveding til rap, med andre ord det som til ei kvar tid fangar folkemusikkens dansande driv. I tillegg hentar Pumpegris inspirasjon frå funk, shoegaze, visepop og hiphop og tek fatt på alle tradisjonane med god pondus. Slik tek dei folkemusikken med inn i noko nært, skittent og

groovy. Pumpegris er kome for å spreie den norske kulturarven med fest og faenskap, akkurat slik den oppstod. Med høg stemning og låge skuldrar tek dei folkemusikken til nye høgder!

### Medverkande

**Vera Sonne** - vokal  
**Astrid Garmo** - fele, gitar, synth  
**Trygve Liahaugen** - fele  
**Mikkel Bjørneboe** - bass  
**Jon Espelid** - trommer



## ÆVESTADEN + KANAAN

FREDAG 8. AUGUST :: KROA I BØ :: ca KL 23.30 :: 395,- [Ein billett for heile kvelden på Kroa i Bø]

## Uforgløymeleg musikalsk klimaks

To mektige, unge band slår sine musikalske og kreative krefter saman med eit helt unikt musikalsk resultat. Den psykedeliske power-trioen Kanaan og folkemusikk-innovatörane i Ævestaden er begge blant landets travlaste og mest hylla orkester.

**Ævestaden** er kjent for å blande tradisjonell folke-musikk med elektroniske impulsar, og skapar eit kraftfullt, melodisk uttrykk med svevande og finurlege tekstar som fortel historier som rører både hjarte og sjel.

**Kanaan** tek publikum med på ei psykedelisk reise gjennom improvisasjon og eksperimentelle lydlandskap. Med element frå jazz, prog- og krautrock skapar dei tette rytmar og uventa dynamikk som utfordrar og engasjerer.

Saman kjem dei til Kroa i Bø med ein av 2024 sine råaste utgjevingar: «Langt, langt vekk» - ein heilt eineståande plate. Det er kompromisslaust, dvelande

og progressivt. Ikkje minst viser det ein imponerande heilskap med tanke på dei to banda sine svært ulike musikalske utgangspunkt. Feler, kuhorn, kraviklyre, munnharpe, synther, fleirstemde kor, tunge gitarar og ei tordnande rytmeseksjon. Saman på scena vil Ævestaden sine jordnære tonar og Kanaan sine psykedeliske improvisasjonar gi publikum ein unik oppleving. Det blir ein kveld der tradisjon og eksperimentering møtast til eit uforgløymeleg musikalsk klimaks.

### Medverkande Ævestaden

**Kenneth Lien** - kraviklyre, munnharpe, vokal, fele  
**Levina Storåkern** - kuhorn, fele, kantele, vokal, elektronikk  
**Eir Vatn Strøm** - vokal, kraviklyre, elektronikk

### Medverkande Kanaan

**Ask Vatn Strøm** - gitar  
**Ingvald André Vassbø** - trommer  
**Eskild Myrvoll** - bass

# SENTRUMSRINGEN

Handelsstanden i Bø



& LOKALMEGLEREN  
PARTNERS



Brukås Sport



Bø bok  
og papir

BYGDAS LITTERATURHUS



Tusen  
takk

til nærings-  
livet i Bø  
for støtta  
til festivalen!



KIWI mini  
pris

Bø Auto AS

Stebi  
HAIR & BEAUTY

superlativ  
Kreative telemarkinger  
superlativ.no

REMA 1000

BØ

REMA 1000

SKOGEN

Sentrums Vaskeri  
og Renhold AS

FARGERIKE  
Bø Maling a/s



## TORGFESTIVALEN - ein festival i festivalen

LAURDAG 9. AUGUST :: BØ TORG :: KL 11.00-16.30 :: GRATIS!

### Musikk, marknad og leik på torget!

Velkommen til Torgfestivalen - ein festival i festivalen! Me gleder kånn til yrande folkeliv på torget med flotte gratiskonsertar, dans, Roheim-parade, spennande marknad og artige aktivitetar for store og små!

Det er valår, og me vil difor invitere til ein rein kulturdebatt der dei forskjellige partia vil diskutere aktuelle tema innan kulturlivet. Debatten vert leia av seniorforskar ved Telemarksforskning, Bård Klepp.

#### Program for Torgfestivalen:

- KI 11.00 - Torgfestivalen opnar
  - KI 12.00 - Konsert med UngFolk
  - KI 13.00 - Roheim-paraden körjer i Bögata
  - KI 13.30 - Torgdans
  - KI 14.00 - Kulturdebatt
  - KI 15.30 - Konsert med Suigard
  - KI 16.30 - Torgfestivalen stengjer
- Endringar kan kome!*

Arrangementet er støtta av Sparebankstiftinga Bø og Sparebankstiftelsen Telemark. Me takkar!

## LAURA ELLESTAD I SAMTALE MED ANNE SVÅNAUG BLENGSDALEN

LAURDAG 9. AUGUST :: BØ BOK OG PAPIR :: KL 13.00-14.00 :: 235,-



### Doktorgradsbading

Laura Ellestad er hardingfelespilar og forskar, og ho underviser i folkemusikk på USN. No er ho òg den første folkemusikaren som har disputert for doktorgrad ved Noregs musikkhøgskule. I 2023 fekk ho godkjent doktorgradsavhandlinga, «**Kappleiks and House Parties: Norwegian Traditional Fiddle in Upper Midwestern Contexts, 1900-1970**». Prosjektet hennar undersøker musikkulturen i norsk-amerikanske samfunn i det øvre Midtvesten i perioden 1900-1970, og skildrar korleis framføringsformer av dei to musikksgangane bygdedansmusikk og norsk-amerikansk old-time music bidrog til å skape mangfoldige norsk-amerikanske identitetar i ein periode med store endringar i USA. I samtale med Anne Svånaug Blengsdalen vil Ellestad presentere funna sine. Det er nærliggande å tenkje seg at publikum vil få oppleve ein og annan slått underveis.



Foto: Remi Angel, Knut Utler, Ole-Jens Bryn

## MATTIS KLEPPEN & KNUT REIERSRUD + ANDREA SØGNEN

LAURDAG 9. AUGUST :: KONSERTLÅVEN I NORDBØVEGEN 10 :: KL 15.00-16.30 :: 335,-

### Strengemagi på Konsertlåven

Strengemagikarane Mattis Kleppen og Knut Reiersrud møtast på scenen for å skape det som garantert vert ei musikalsk høgtidsstund i lag. Det er faktisk først gong desse fantastiske to musikarane deler scene, og forventningane er naturleg nok høge. Mattis Kleppen, kjent for sitt unike slåttespel på bass, har lenge vore ein viktig og ettertraktat musikar på den norske jazz- og folkemusikk-scena. Knut Reiersrud er ein gitarist med eit heilt unikt sær preg, og han leikar seg med både blues, rock, folkemusikk og improvisasjon! Begge to har ein distinkt og sjelfull tone og ein improvisatorisk fridom som opanar for uventa musikalske vendingar. Denne konserten er eit møte mellom to sterke personlegdomar i musikkverda - to artistar som både kan spele med djup uttrykksevne og med glitrande teknikk, men også utforske det ukjende gjennom improvisasjon og spontanitet. Når dei møtast i Konsertlåven, vil det ikkje berre vere ei konsertoppleveling, men ei høgtidsstund med utforskning av kvarandre sine musikalske univers!

#### Andrea Søgnen opnar!

Før konserten med Mattis Kleppen og Knut Reiersrud vert det oppvarming med Andrea Søgnen. Andrea Søgnen frå Hallingdal representerer neste generasjon langeleikutøvarar. Andrea spelar primært slåttar i Hallingdal-tradisjon, men har òg repertoar frå Valdres og Telemark. Ho har stor interesse for overføring av slåttar frå hardingfele og kveding til langeleiken, og arbeider med å utvikle og vidareføre både eldre og nyare spelestil med mål om å framheve større delar av instrumentet sine klangar og moglegheitene.

#### Medverkande

**Andrea Søgnen** - langeleik  
**Knut Reiersrud** - gitarar  
**Mattis Kleppen** - bass



## Temakonsert: «FRÅ TELEMARK TIL AMERIKA»

LAURDAG 9. AUGUST :: BØ HOTELL :: KL 18.00-19.30 :: 365,- / 795,-\*

### Knut og Halvor med tonar, skjemt og alvor om Amerika-farande telemarkingar


I år er det eit nasjonalt emigrasjonsjubileum som markerer at det er 200 år sidan første båt med norske emigrantar sette kurs mot Nord-Amerika. Gjennom 1800- og 1900-talet var det mange telemarkingar som freista lukka «over dammen». I denne temakonserten vil tidlegare journalist Halvor Kleppen og meisterspelemann Knut Buen presentere historier, både humoristiske og alvorlege, om telemarkingar som på forskjellige vis gjorde seg merka i Junaiten. Både to er å betrakte som vandrande historiebøker med god kjennskap til temaet.

Desse gode historiene får sjølv sagt tonefølgje - både frå Knut Buen sjølv, og inviterte musikarar med ein felles interesse for den musikalske kontaktflata til norsk og amerikansk folkemusikk. Det vert musikalske innslag frå Laura Ellestad, Mattis Kleppen og Knut Reiersrud og Anne Gravir Klykken.

#### Medverkande

**Halvor Kleppen** - prat  
**Knut Buen** - prat, hardingfele  
**Laura Ellestad** - hardingfele  
**Mattis Kleppen** - bass  
**Knut Reiersrud** - gitarar  
**Anne Gravir Klykken** - vokal

**Middag og konsert?** Det vil ligge godt til rette for store musikkopplevingar på hotellet denne kvelden som lett kan kombinerast med store matopplevelingar. Konsert og middag får du for 795,-.





## STEIN TORLEIF BJELLA

LAURDAG 9. AUGUST :: SANDVINPARKEN :: KL 19.30 :: 635,- (Gjeld for heile kvelden på Sandvin)

### Dei tause menns talsmann kjem endeleg attende til Bø!

Stein Torleif Bjella er ein av landets aller største vise-kunstnarar med ei rekke utgjevingar bak seg, som alle har hausta fantastiske kritikkar, og skaffa han trufaste fans over heile landet. I fjor sleppte Bjella albumet *Nysetmåne* til strålande omtalar. Parallelt med dette stod han for det musikalske arbeidet knytt til teaterframsyninga *Heil Ved* med mellom andre Per Anders Buen Garnås som bidragsytar. Framsyninga, der Stein Torleif Bjella også bidrar på scena, har blitt spelt for fulle hus på Det Norske Teatret sidan premieren.

Bjella gjorde seg for alvor merka med solodebuten *Heidersmenn* i 2009, og to år seinare innkasserte oppfølgjaren *Vonde visu* Spellemannprisen. *Heim for å døy* avslutta trilogien i 2013. Etter dette har artisten frå Ål i Hallingdal sleppt dei kritikarroste studioalbuma *Gode Liv* og *Øvre-Ål Toneakademi*, samt *Jordsjukantologien* - eit meir eksperimentelt spoken word imoproalbum.

«Eg ska kysse so Jesus gret» og «Psykisk kan du vera sjøl», syng Bjella. I musikken hans mótest ytterpunktta: Eitt auge ler, eitt gret. Sjørgmodig glede og romantisk hjartesorg. Personane, skildringane og forteljingane vi møter i tekstuverset er både enkle og intrikate. Våren 2025 vart heile Noreg betre kjend med Stein Torleif Bjella gjennom deltakkinga hans i «Hver gang vi møtes» på TV2. Her leverte han spenstige og flotte tolkingar av låtar frå dei andre deltakarar som me garantert får høyre eit par av i Sandvinparken denne laurdagskvelden.

**Suigard varmar opp frå ca. kl 19:30!**

#### Medverkande

**Stein Torleif Bjella** - gitar, vokal  
**Eirik Øien** - bass  
**Kenneth Kapstad** - trommer  
**David Wallumrød** - tangentar  
**Geir Sundstøl** - gitarar

Konserten er særskild støtta av Telemark Energi og Kraftriket! Me takkar!



## EMBLA & THE KARIDOTTERS

LAURDAG 9. AUGUST :: SANDVINPARKEN :: ca KL 21.45 :: 635,- / 395,- \* (Berre Embla & the Karidotters+Byting)

### Perfekt for ein laurdag!

Dyret er laust og bandtvangen er oppheva. Embla & the Karidotters er klare med sitt andre album! Debuten *Hello, I'm Embla* vann Spellemann-prisen i country og tok bandet Noreg rundt og vidare ut i den store verda. Korleis følgjer ein opp noko slikt?

Med MEIR, sjølv sagt. *Off Leash* er rett og slett betre, tøffare og råare. Det stjernespekkia bandet let sylskarpt og dei har blitt ordentleg varme i country-skjorta. Andrealbumet *Off Leash* vart sleppt i 2024 og vidareførar bandets røffe honkytonk noir-lydbilete med subtile hint til Ennio Morricone, Nancy Sinatra og David Lynch-filmene.

Embla & the Karidotters er bandprosjektet til Razika-trommis Embla Karidotter. Etter at Razika blei lagt på is, samla Embla sine «Karidotters» frå kringliggjande band som Razika, Honningbarna, Sløtfase, Slomosa og Aiming for Enrike.

#### Medverkande

**Embla Karidotter** - gitar, vokal  
**Marie Moe** - bass, kor  
**Simen Følstad Nilsen** - pedal steel, gitar, piano og kor  
**Nils Jørgen Nilsen** - trommer  
**Benjamin Rø Haavelsrud** - gitar, kor

Obs! Konsertane i Sandvinparken er UTANDØRS, men det vil vere stort publikumstelt på området. Viss det kjem heilt grueleg mykje regn vil konsertane bli flytta inn i salen på Sandvin.



## BYTING

LAURDAG 9. AUGUST :: SANDVINPARKEN :: ca KL 23.00 :: 635,- / 395,-\* (\*Berre Embla & the Karidotters+Byting)

## Lyden av Midt-Telemark

Thomas Hellekås og resten av Byting er i toppform, og denne kvelden kjem dei heim til Bø og Sandvinparken med ny musikk. Med tekster på klingande böhering og hardingfela sentralt i lydbiletet er det nærliggande å omtale Byting som sjølve «lyden av Midt-Telemark». For publikum i Midt-Telemark treng ikkje Byting nokon nærmere presentasjon, men om ein vil gjere eit forsök på å plassere Byting i ein musikalsk bås kan ein kanskje fåres til å telemarkana? Altså americana og viserock med ein tydeleg Telemark-signatur. Med vokalist Thomas Hellekås i front presenterer Byting sterke og ærlege tekstar om sjølvopplevd hendingar i livet - på godt og vondt.

### Medverkande

**Thomas Hellekås** - gitar og vokal  
**Trygve Liahagen** - fele og kor  
**Jonas Dyrstad Valber** - gitarer, mandolin, banjo og kor  
**Eirik Ask** - tangenter, trekkspill og kor  
**Sindre Bakkåker** - trommer, mandolin og kor  
**Jørgen Haugland** - bass og kor



## SUNDAGSKURS PÅ EVJU BYGDETUN

PÅMELDING: POST@TELEMARKFESTIVALEN.NO

Sundag 10. august kan du bli med på mange spennande kurs på Evju bygdetun. Alle kursa finn stad mellom kl 11.00 og kl 14.00. Ein nydeleg lunsj med ureist mat frå Evju bygdetun er inkludert i kursavgifta.

### Kvedarkurs med Anne Gravir Klykken

335,- :: 10 plassar

Velkommen til kurs i folkesong frå Telemark! Kurset blir ei uhøgtideleg samling der deltakarane syng seg gjennom stubbar, viser, slåttestev og bånsullar frå Telemark med Anne Gravir Klykken som kursleiar. Kurset vil sveipe innom stiltrekk og historie knytt til songforma. Kurset kan passe både for deg som er nybyrar, og for deg som er meir trenal.

### Kurs i blågras-gitar med Jon Solberg

335,- :: 10 plassar

Jon Solberg er gitarist, låtskrivar og songar med minst ein fot planta i bluegrass- og country-verda. Kurset er for deg som har lyst til å lære meir om denne drivande, rytmiske musikken. Jon lærer deg det han har tatt med seg på bluegrass-vegen gjennom å lytte til gitaristar som Doc Watson, Tony Rice, Maybelle Carter, Bryan Sutton, Molly Tuttle, Billy Strings og mange fleire. Du treng ein kassegitar, eit plekter og lyst til å spele god musikk. Jon lover at det blir mest spel og minst prat - med fokus på låtar, «fiddle-tunes», akkompagnement, melodiar og improvisasjon. Bluegrass er perfekt for samspel mellom ulike strengeinstrument, og dersom du

spelar mandolin eller banjo eller fele eller bass eller dobro eller noko anna akustisk med strengar på, er du hjarteleg velkommen!

### Kurs i munnspele med John Trygve Bakke

335,- :: 10 plassar

Er du ein av dei som går rundt og tenker at det hadde vore gøy å lære seg å spele munnspele? No har du ein gylden moglegheit til å kome i gang! Kursleiar John Trygve Bakke vil gi deg ei innføring i ulike teknikkar og grunnleggjande kunnskap om munnspelet sine mange bruksområde.

*Obs! Kursdeltakarane må ha med eit munnspele - helst i toneart C. Munnspele kan også kjøpast på staden av kurshaldar.*

### Kortkurs i plantefarging av garn med Ingvild Flottorp

435,- :: 8 plassar

Få ein kort og spennande introduksjon til plantefarging under Telemarksfestivalen. Planteriket i Evju sitt nærområde er base for farging av ullgarn. Materialkostnader er inkludert i prisen. Kanskje du får lyst til å prøve meir etter denne dagen?



## KULTURTUR TIL SLETTelibergja

SUNDAG 10. AUGUST :: FELLES AVGANG FRÅ PARKERINGA I LIHEIA :: KL 11 :: GRATIS!

### Natur og kultur i skjønn foreining!

I 2025 er det friluftslivet sitt år, og i eit hyggeleg samarbeid med Bø turlag inviterer me til ein flott tur til Slettelibergja med tonefølgje. Dette er ein lettgått tur på om lag 500 m kvar veg som passar for alle. På Slettelibergja vert det ein liten konsert med duoen Suigard med Sunniva Langås-Røyland på hardingfele og Vegar Hosarøygard på gitar.

Dei som vil kan gå vidare frå Slettelibergja til Bryggefjell. Det er ein relativt krevjande tur med 430 høgdemeter. Vel framme på toppen kan du nyte ein formidabel utsjånad mot Bø og Norsjø.

**Det vert felles oppmøte og avreise frå parkeringsplassen øvst i Liheia kl 11:00.**

## Kjell Christian Midtgård & Lars-Ingar Meyer Fjeld: OLAF G. HELLAND

SUNDAG 10. AUGUST :: BØ BOK OG PAPIR :: KL 13.00-14.00 :: 235,-



### Olaf G. Helland i ord og tonar

I år er det 150 år sidan felemakaren Olaf G. Helland vart fødd. Dette vert markert med eit konsertføredrag med Kjell Christian Midtgård, som tidlegare har gitt ut bok om felemakaren, og Lars Ingar Meyer Fjeld, som spelar slåttar på feler laga av denne superstjerna blant hardingfelemakarane i Noreg.

Føredraget vil kasta lys over den unike instrumentmakartradisjonen landet vårt har, der Bø har spela ei særskild rolle i halvanna hundreår, og setja Olaf G. Helland inn i denne tradisjonen. Spelet undervegs vert slåttar frå Telemark og Bø, framførte på nokre av dei klangfulle instrumenta hans.



## Borgjakonserten: LAURA ELLESTAD & OTTAR KÅSA

SUNDAG 10. AUGUST :: NYE SJODAR - EVJU BYGDETUN :: KL 15.00 :: 285,-

### Norsk og amerikansk hardingfeletradisjon

I den tradisjonsrike Borgjakonserten vert dei eit spennande møte mellom Ottar Kåsa og Laura Ellestad. Det vert ikkje berre eit møte mellom to framifrå hardingfeleutøvarar og formidlarar - det vil òg vere eit møte mellom den norske og den amerikanske hardingfeletradisjonen. I år er det eit nasjonalt emigrasjonsjubileum som markerer at det er 200 år sidan første båt med norske emigrantar sette kurs mot Amerika. Emigrantane tok med seg si norske kulturarv på reisa - og hardingfela vart sjølv sagt med. I denne konserten vil Kåsa og Ellestad utforske den rike tradisjonen av slåttemusikk både i Noreg og Amerika med eit spesielt fokus på det norske spelet som blei brakt til Amerika av utvandrarar og korlei spelet har utvikla seg vidare «over dammen».


Ottar Kåsa er ein norsk hardingfelespelemann og prisbelønt felemakar frå Arabyd i Vinje kommune. Han er utdanna felemakar frå Ole Bull Akademiet på Voss. Musikkutdanning har han frå Folkekulturstudiet i Rauland. Hardingfelespel lærte han først av Terje Hansen i Vinje kulturskule, seinare blei Aslak og Tarjei

Romtveit viktige inspiratorar og lærarar, det same gjeld Per Anders Buen Garnås. Viktige lærarar har òg vore Vidar Lande og Per Åsmund Omholt.

Laura Ellestad kjem opphavleg frå Canada, men har røter frå Ellestad i Valdres. Laura Ellestad er hardingfelespelar og forskar, og ho underviser i folkemusikk på USN. No er ho òg den første folkemusikaren som har disputert for doktorgrad ved Noregs musikkhøgskule. I 2024 fekk ho godkjent doktorgradsavhandlinga, «*Kappleiks and House Parties: Norwegian Traditional Fiddle in Upper Midwestern Contexts, 1900-1970*».

#### Medverkande

**Laura Ellestad** - hardingfele  
**Ottar Kåsa** - hardingfele



## DYLAN LEBLANC & FREDDY HOLM

SUNDAG 11. AUGUST :: BØ BAKGÅRD & BASAR (TIDL. MEIERISMUGET) :: KL 18.00 :: 285,-

### Amerikansk stjerne avsluttar festivalen med intimkonsert

Dylan LeBlanc er ein amerikansk singer-songwriter frå den legendariske musikkbyen, Muscle Shoals i Alabama. Han gav ut sitt debutalbum, «Pauper's Field», berre tjue år gammal i 2010 - med sjølvlast Emmylou Harris som gjestevokalist. Sidan den gong har han gjeve ut fleire kritikarroste plater, og turnert saman med storleikar som Lucinda Williams og Calexico. Han har stått på same scene som Bruce Springsteen, Drive-by Truckers og First Aid Kit, og han har spela på Willie Nelson sin eigen festival, «Luck Reunion», på Willies gard utanfor Austin, Texas, fire gongar. LeBlanc er med andre ord ein svært anerkjend artist i heimlandet, og me er glade for å kunne presentere ein konsert med Dylan LeBlanc og multi-instrumentalist Freddy Holm som ein

nydeleg og intim avslutning på Telemarkfestivalen 2025.

#### Medverkande

**Dylan LeBlanc** - vokal, gitar  
**Freddy Holm** - div instrument



### OVERNATTING

  
BØ HOTELL  
MIDI I BØ SENTRUM  
Gullbringvegen 32 / 35 06 08 00  
post@bohotell.no  
bohotell.no

  
First Camp  
FIRST CAMP BØ  
Lifjellvegen 51 / 35 95 20 12  
bo@firstcamp.no  
firstcamp.no

  
BEVERØYA  
HYTTEUTLEIE OG CAMPING  
Gvarvvegen 80 / 35 06 18 81  
post@beveroya.no  
beveroya.no

### RESTAURANTER OG KAFÉAR

  
BØ HOTELL  
RESTAURANT HAGESTUA,  
BØ HOTELL  
Gullbringvegen 32 / 35 06 08 00  
Ope 13.00-21.00, mon-sun under festivalen!  
Lunsj- og middagsrestaurant  
med stor uteservering.

  
PIZZA FJØSET  
RESTAURANT  
Bøgata 11 / 35 95 00 12  
Ope mån-fre 15.00-22.00, laur-sun 13.00-22.00.  
Familievenlig restaurant, fersk pizza hver dag.  
A'la carte og stor uteservering.

  
DATTEBAYO  
Folkestadvegen 1 / 35 95 20 00  
Ope mån-tors 12.00-21.00, fre-laur  
12.00-22.00 og sundag 14.00-21.00.  
Sushi og wok.

  
HUSLY  
KAFÉ & CATERING  
HUSLY  
Bøgata 61 / 47 51 35 75  
Ope 10.00-16.00 kvar dag (stengt sundag).  
Varme og kalde lunsjrettar,  
kaker og anna bakst!

  
SUM YEE  
CHINESE RESTAURANT OG BAR  
Stasjonsvegen 28 (Bø senteret)  
35 95 00 01  
Ope mon-laur 12.00-21.00, sun 14.00-21.00.  
Kinesisk kvalitetsmat!

  
PROVENCE  
resto brøtf  
PROVENCE RESTAURANT  
Bøgata 70 / 35 95 35 96  
Ope mon-fre 15.00-22.00, laur 13.00-23.00,  
sun 14.00-21.30.  
Fransk mat i Midt-Telemark!

Visit Bø har meir informasjon om tilbod  
og aktivitetar i Midt-Telemark: [visitbo.no](http://visitbo.no)



**Sammen  
skaper vi gode  
lokalsamfunn**

Vi deler av overskuddet  
gjennom våre stiftelser,  
til glede for mange.

Vi kaller det  
samfunnsbytte.

SpareBank  
SØR-NORGE 1



## VÅR KRAFT - DIN ENERGI

TELEMARK  
**energi**

tenergi.no



Kraftriket  
Telemark

kraftriket.no



Du finner oss  
på Bø Senteret!

Meny Bø

**MENY**  
9-21 (20)

**SYSTEMBLOKK**

## HVEM ER VI?

Hos Systemblokk spesialiserer vi oss på prefabrikerte betongløsninger av høy kvalitet, og leverer innovative og bærekraftige prosjekter over hele Norge.

Med flere tiårs erfaring er vi en pålitelig samarbeidspartner i byggebransjen, kjent for vår ekspertise på plattendecker, betongvegger, balkonger, trapper, soyletrapper og mer.

FREMTIDENS BYGG  
STARTER MED SYSTEMBLOKK



Vil du vite mer om oss? Besök oss på:  
**WWW.SYSTEMBLOKK.NO**

# Sønstebo Tunet

WWW.SØNSTEBØTUNET.NO  
3800 BØ



TELEFON: 35 06 10 90

- 1928 SØNSTEBØ 35 06 10 94
- BØ REGNSKAP 91 38 44 88
- CUBUS 22 31 84 29
- EUROSKO 35 06 10 92

- O' LEARYS BØ 35 95 01 75
- SPILLEREN SPORT 91 70 73 34
- STRIKKEVERDEN 94 00 58 37
- SØNSTEBØ WORKWEAR 47 32 62 55
- PRINCESS 48 18 95 06
- RÅ FRISØR 41 20 68 11
- VAAGAL KAFFEBAR Man.-lør.: 10-16



MANDAG-FREDAG ..... 10:00-18:00  
LØRDAG ..... 10:00-16:00

**O'Learys**  
SPORTS BAR & RESTAURANT • BOWLING & GAMES



Scan QR-koden for åpningstider og meny



GRATIS parkering og parkeringshus!  
Sønstebøtunet har også 6 hurtigladere.

Ta vare på lokalbutikkene – velkommen til en trivelig handel hos oss!

## STOLT SPONSOR AV TELEMARKSFESTIVALEN

**BØ INSTALLASJON** LETT VALG



Med avdelingene

**POWER NOREMA**  
**MESTERLYS**  **sigdal**

HVITEVARE SERVICE

Bø Installasjon | Tlf. 35 06 03 50 | Stasjonsvegen 17, 3800 Bø | www.installasjon.as

Foto: Knut Utter

Takk til sponsorar,  
samarbeidspartnarar  
og frivillige!



Våre støttespelarar:



KULTURRÅDET  
Arts Council  
Norway



Telemark  
FYLKESKOMMUNE



# TelemarkfestivaLEN

PROGRAM 7.-10. AUGUST 2025

## TORSDAG 7. AUGUST

Arrangement	KI	Pris*	Stad
Tingingsverket: «Istem»	19.00	365,- / 535,- / 795,-	Bø hotell
Festivalkviss	19.00	Gratis!	The Bull Inn
Ragnhild Hemsing Trio	21.00	335,-	Bø hotell
Suigard	ca 21.30	Gratis!	The Bull Inn
Gill Landry	ca 22.30	Gratis!	The Bull Inn

## FREDAG 8. AUGUST

Arrangement	KI	Pris*	Stad
Anne Gravir Klykken, Jon Solberg & Anders Røine	17.00	285,-	Konsertlåven, Nordbøvegen 10
Opningskonserten	19.00	365,-	Gullbring, Storsalen
<b>FredagsFOLK på Kroa i Bø - Dørene opnar kl 20:00!</b>	<b>20.00-01.30</b>	<b>395,-</b>	<b>Kroa i Bø</b>
ULD	21.00		
Pumpegris	ca 22.15		
Ærestaden + Kanaan	ca 23.30		

## LAURDAG 9. AUGUST

Arrangement	KI	Pris*	Stad
Torgfestivalen - familielagd med aktivitetar og gratiskonsertar	11.00-16.30	Gratis!	Bø torg
<b>Doktorgradbad:</b>			
Laura Ellestad i samtale med Anne Svånaug Blengsdalen	13.00	235,-	Bø bok og papir
Mattis Kleppen & Knut Reiersrud + Andrea Søgnen	15.00	335,-	Konsertlåven, Nordbøvegen 10
<b>Temakonsert: «Frå Telemark til Amerika»</b>	<b>18.00</b>	<b>365,- / 795,-</b>	<b>Bø hotell</b>
<b>LaurdagsFOLK på Sandvin - Dørene opnar kl 19:00!</b>	<b>19.00-01.00</b>	<b>635,- / 395,-</b>	<b>Sandvin</b>
Suigard	19.30		
Stein Torleif Bjella	20.00		
Embla & the Karidotters	ca 21.45		
Byting	ca 23.00		

## SUNDAG 10. AUGUST

Arrangement	KI	Pris*	Stad
Kursprogram	11.00-14.00	335,- / 435,-	Evju bygdetun
Kulturtur med Suigard	ca 11.30	Gratis!	Slettelibergja
<b>Olaf G. Helland - 150 år:</b>			
Lars-Ingar Meyer Fjeld i samtale med Kjell Chr. Midtgård	13.00	235,-	Bø bok og papir
<b>Borgjakonserten: Laura Ellestad &amp; Ottar Kåsa</b>	<b>15.00</b>	<b>285,-</b>	<b>Nye Sjodar - Evju bygdetun</b>
Dylan LeBlanc & Freddy Holm	18.00	285,-	Bø bakgård & basar

### Festivalpass: 2035,-

\* Alle billettar til alle arrangement selgast via Gullbring kulturhus. \* Alle prisar er ink. bill. avg.

\* Barn til og med 14 år har gratis adgang. Frå og med 15 år gjeld ordinære prisar. Personar under 18 år må gå i følge med foreldre/foresatte

\* Alle tidspunkt markerer konsertstart. Publikum bør kome i god tid før konserten startar.

Takk til sponsorar, samarbeidspartnarar og frivillige!

